

# Møtebok Fellesstyret for Ullensvang statsallmenning

Tidspunkt: Måndag 13. november 2017 kl. 2000-2130

Stad: Brannstasjonen i Odda, kjellaren

Desse møtte: Steinar Langesæter, Eivind Tokheim, John Helge Rasmussen, Synnøva Søbø, Ørjan Angell, Ragnar Ystanes

Andre til stades på møtet: Steinar Lund (sekretær)

## Saker til styremøtet:

**FUS 12/17: Meldingar**

**FUS 13/17: Referat frå møte 10. mai**

**FUS 14/17: Orientering om sal av fiskekort**

**FUS 15/17: Søknad om restaurering av steinbu i Mågehadlet**

**FUS 16/17: Revidert søknad om endring og flytting av utedo i Jakobsbu**

**FUS 17/17: Eventuelt**

Steinar Langesæter/s/

Eivind Tokheim/s/

Ørjan Angell/s/

Ragnar Ystanes/s/

Synnøva Søbø/s/

John Helge Rasmussen/s/

## Kopi til:

Fjellstyremedlemmer

Varamedlemmer

Fjellstyra på Hardangervidda as

Norges Fjellstyresamband

Fjellstyra kring Hardangervidda

Statskog

Odda kommune

Ullensvang herad

Hardanger Folkeblad

## **FUS 12/17: Meldingar**

### **Saksdokument:**

20170510-145.0 Statskog - Nasjonale føringar for naturoppsyn i statsallmenning og SOU sine prioriteringar for ROU-tilskotsmidlar for 2017

20170518\_622.0 Statskog - Løyve frå grunneigar, fjellrevprosjektet på Hardangervidda og Finse\_Hallingskarvområdet

20170518-610 Leif Olav Lutro – Lesarinnlegg

20170523-362.1 Statskog - Svar på søknad om flytting og utviding av do\_sikringsbu ved Jakobsbu

20170825 - Buskerud fylkeskommune - Rullering av regional plan for Hardangervidda. Melding om oppstart av planarbeid og høyring av planprogram

20170906-145.9 Statskog - Tildeling ROU aktivitetsmidler for 2017

20170906-362.1 Ullensvang herad - Løyve til riving av eksisterande naust med bueining og oppføring av nytt naust med bueining på Gnr. 155, bnr. 1, festnr. 9051 - Nedre Krokavatn

20171002-331 Statskog - Vedr. undersøkelser av berggrunn for mineraler innanfor Ullensvang statsallmenning

20171010-352 Fylkesmannen i Hordaland - Løyve til utbetring av traktorslepa

20171017-433.1 DNT - Varsel om rearding av ruter på Hardangervidda

20171103-331 Eirik Børte - Vedr. undersøkelser av berggrunn for mineraler innanfor Ullensvang statsallmenning

### **Saksutgreiing:**

### **Framlegg til vedtak:**

### **Referat:**

Leiar og sekretær gjekk gjennom meldingane.

### **Vedtak (sak FUS 12/17):**

Meldingane vert tekne til orientering.

## **FUS 13/17: Referat frå møte 10. mai**

### **Saksdokument:**

- 13/17 Møtebok Fellesstyret for Ullensvang statsallmenning 10. mai 2017

### **Saksutgreiing:**

#### **Framlegg til vedtak:**

Styret godkjenner referat frå møtet i Fellesstyret for Ullensvang statsallmenning 10. mai 2017.

#### **Referat:**

Eivind Tokheim etterlyste årsmelding 2016, som skulle ha blitt laga til dette møtet. Sekretær beklaga at det ikkje har blitt gjort. Det vil bli utarbeida årsmelding for 2016 i samband med årsmelding for 2017.

Eivind Tokheim viste til at det i fylgje referatet frå førre møte skal sendast eit skriv til tidlegare eigar av hytta ved Holmavatnet med førespurnad om utrydding av hytta, med ein frist. Sekretær opplyste om at dette ikkje har blitt gjort, men det vil bli teke tak i innan kort tid.

#### **Vedtak (sak FUS 13/17):**

Med merknadane som kom fram på møtet godkjenner styret referatet frå møtet 10. mai 2017.

## **FUS 14/17: Orientering om sal av fiskekort**

### **Saksdokument:**

#### **Saksutgreiing:**

##### Sal av fiskekort

Det er registrert totalt 674 kjøp av fiskekort på salssidene på Inatur – 536 kjøp av fellesfiskekortet, og 138 kjøp av fiskekort som berre gjeld på Ullensvang statsallmenning. Til samanlikning blei det i 2016 seld 486 fellesfiskekort og 106 Ullensvang-kort på Inatur. Netto omsetnad i 2017 for fellesfiskekortet var 163 887,50,- medan det for fiskekortet for Ullensvang statsallmenning var 18 891,-.

Oversikta for sal av garn- og stongfiskekort frå utsalsstadane er ikkje heilt klare enno, men førebels tal viser at det er selt 64 sesongkort for garnfiske og 42 vekeskort for garnfiske. I 2016 blei det seld 71 sesongkort og 42 vekeskort. Tal for sal av stongfiskekort frå

utsalsstadane har eg ikkje oversikt over enno, men det eg har fått inn så langt viser at det blir seld svært få stongfiskekort frå utsalsstadane. Det kan diskuteras om det er naudsynt å tilby stongfiskekort på utsalsstadane. Ein kan og sjå føre seg at garnkortet kan seljast via Inatur, slik som stongfiskekortet. Røldal fjellstyre sel garnkort via Inatur, sjå <https://www.inatur.no/fiske/54450cd8e4b008d2e8744b8e/fiske-i-roldal-statsallmenning>. Å ha utsalsstader slik som i dag fører med seg ein god del tidsbruk på administrasjon av løysinga, som ein hadde spart med å berre nytte Inatur. Samtidig er det ei ordning som er godt etablert, og som er enkel å nytte seg av, særskilt for eldre folk.

Det blei i 2017 opna for sal av eit avgrensa tal garnfiskekort til utanbygdsbuande, sjå vedtak i sak FUS 6/17 på møte i Fellesstyret for Ullensvang statsallmenning 10. mai 2017. Det blei opna for sal av garnkort til inntil 20 utanbygdarar. Korta blei selde som vekeskort til 500,- stk. i perioden 1. juli til 15. august. Løyva blei fordelt likt mellom Ullensvang fjellstyre og Odda fjellstyre (10 løyve kvar). Det har blitt seld 6 kort frå Ullensvang fjellstyre, og ingen frå Odda fjellstyre. Årsaka til at det er seld få kort er dels at vedtaket kom seint, og at det difor var lite kjend, samt at det er vanskeleg å få informert dei aktuelle om tilbodet. Det spelar nok og inn at det er eit tilbod som er aktuelt for dei aller færreste utanbygds brukarar av statsallmenningen. Det har vist seg å vera vanskeleg å få seld kort på vegner av Odda fjellstyre, då hyttene til Odda fjellstyre så å seie utan unntak blir leigd av innanbygdsbuande. Ullensvang fjellstyre har ein god del utanbygds brukarar av hyttene, og det er difor fleire aktuelle «kundar» knytt til dette fjellstyret. Dei som har kjøpt korta er utanbygdarar som har leigd hytte hos Ullensvang fjellstyre, samt hytteeigarar på Hansbu. Ordninga med garnkort til utanbygdarar skal vurderast etter 2017-sesongen (jf. vedtak i sak FUS 6/17). Sekretæren ynskjer å førebu ei eiga sak til Fellesstyret til neste møte, basert på erfaringa frå årets sesong, samt innspel frå styret på denne orienteringa.

### **Framlegg til vedtak:**

Styret tek orienteringa til vitande.

### **Referat:**

Saka blei kort drøfta. Det blei teke opp at sidan Fellesstyret administrerer fellesfiskekortet som ligg på Inatur, tek Fellesstyret ein kostnad som burde vore fordelt på alle fjellstyra som er med på fiskekortet. Sekretær orienterte om at det ikkje er noko i vegen for at han fordeler tidsbruken på dei ulike fjellstyra.

### **Vedtak (sak FUS 14/17):**

Med merknadane som kom fram på møtet tek styret orienteringa til vitande.

## FUS 15/17: Søknad om restaurering av steinbu i Mågehadlet

### Saksdokument:

- 15-17 Søknad om løyve til restaurering av steinbu i Mågehadlet
- 15-17 Vedlegg til søknad om restaurering av steinbu i Mågehadlet

### Saksutgreiing:


Amund Måge og Randi Taxt (gnr. 47, bnr. 3) og Lars Måge og Bjørg Måge (gnr. 47, bnr. 2), har søkt om å restaurere ei steinbu i Mågehadlet. Søknaden er oversendt Fellesstyret frå Statskog for uttale. Fellesstyret skal ha grunndisponeringssaker til uttale, jf. fjellova § 12 2. ledd.

I fylgje søknaden er det problem med vassig frå bakveggen i bua, samt at murane sig inn i hytta. På grunn av vassiget rotnar golvet, og det må bytast om lag kvart 10. år.

Argument for å få restaurere steinbua er problema med vassig og murar i dårleg stand, samt at det er trangt (innvendig mål ca. 3,10 x 2,6 m) og lågt under taket (høgde under møne 2,12 m, høgde under dei to sidedragarane ca 1,68 m).

Søklar ynskjer å ta att murane og få grøfta og lagt pukk rundt steinbua. Vidare ynskjer dei å heve taket om lag ein halv meter og lage hems inn i bakken på baksida. Dei ynskjer og å setje sutak på ei lagrinsbu slik at denne blir tett. I søknaden er det laga ei prinsippskisse (figur 1) som viser ei løysing med hems i bakkant med ulik høgde samanlikna med resten av bua. Søknaden nemner også at det kan vera aktuelt med same høgde på hems som resten av bua.

Figur som viser hems med ulike ulik høgde som resten av bua. Alternativt same høgde, 1 dragar.



Figur 1. Prinsippskisse frå søknaden som viser steinbua med ein ny hems i bakkant.

Søknaden er mangelfull, og det går fram av søknaden at dei ikkje vil gå i detalj før dei har fått ein peikepinn om kva dei kan forvente å få løyve til. Det kan difor koma ein presisert søknad på eit seinare tidspunkt.

Verneforskrift og forvaltningsplan har klare retningslinjer for byggesaker i nasjonalparken. Fellesstyret kan ta utgangspunkt i at vernestyresmaktene føl sine egne retningslinjer. Det gjeld til dømes heving av takhøgde, endring av utforming og materiale i murane, utviding av bruksarealet osv. Sekretæren meiner difor at Fellesstyret ikkje treng gå i detalj i si uttale til søknaden, men vise til at ei eventuell endring bør gjerast i tråd med retningslinjene i verneforskrifta og forvaltningsplanen.

### **Framlegg til vedtak:**

Fellesstyret for Ullensvang statsallmenning har ingen merknad til søknaden ut over at byggetiltaka bør gjerast i tråd med retningslinjene i verneforskrifta og forvaltningsplanen.

Vedtaket er gjort med heimel i § 12 i fjellova.

### **Referat:**

Saka blei kort drøfta.

### **Vedtak (sak FUS 15/17):**

Fellesstyret for Ullensvang statsallmenning har ingen merknad til søknaden ut over at byggetiltaka bør gjerast i tråd med retningslinjene i verneforskrifta og forvaltningsplanen.

Vedtaket er gjort med heimel i § 12 i fjellova.

## **FUS 16/17: Revidert søknad om endring og flytting av utedo i Jakobsbu**

### **Saksdokument:**

- 16-17 Søknad om flytting og utviding av utedo i Jakobsbu


### **Saksutgreiing:**

Torgils Eide har sendt inn revidert søknad om endring og flytting av utedo i Jakobsbu. Søknaden er oversendt Fellesstyret frå Statskog for uttale. Fellesstyret skal ha grundisponeringssaker til uttale, jf. fjellova § 12 2. ledd.


Fellesstyret gav i sak 5/17 uttale til ein søknad om flytting og endring av utedo på Jakobsbu. Det blei søkt om bygge ny utedo med eit forrom med benkar som kunne fungere som sikringsbu. Søknaden den gong gjaldt eit bygg på 6 m<sup>2</sup>. Fellesstyret gjorde fylgjande vedtak i sak 5/17:

*«Fellesstyret ser behov for ein do som er i forsvarleg bygningsmessig stand, og som er tilgjengeleg om vinteren. Fellesstyret rår frå at det vert gjeve løyve til sikringsbu.»*

Søkjar har sendt inn ein revidert søknad der det er gjort endringar på størrelse og utforming på bygget. Bygget er redusert frå 6 til 4 m<sup>2</sup>. Det er framleis laga med eit forrom. Ny utforming av bygget er vist i figur 2 under, medan figur 3 er teikninga frå den opphavlege søknaden.




Figur 2. Teikning av bygget på 4 m<sup>2</sup> i den reviderte søknaden.



Figur 3. Teikning av bygget på 6 m<sup>2</sup> frå den opphavlege søknaden.

Statskog ber særskilt om tilbakemelding frå Fellesstyret på plasseringa av bygget. I den opphavlege søknaden er planlagd plassering av bygget skildra som eit snøfritt område 15 meter sørvest for Jakobsbu. Biletet under er henta frå den opphavlege søknaden, og viser kor bygningen er tenkt plassert. Sekretær er ikkje kjend på plassen, og har difor ingen merknadar til plasseringa.



### **Framlegg til vedtak:**

Fellesstyret for Ullensvang statsallmenning har ingen merknadar til plasseringa av bygget.

Ut over det har ikkje Fellesstyret merknadar ut over at søknaden bør handsamast i tråd med retningslinjene i verneforskrifta og forvaltningsplanen.

Vedtaket er gjort med heimel i § 12 i fjellova.

### **Referat:**

Saka blei kort drøfta.

### **Vedtak (sak FUS 16/17):**

Fellesstyret for Ullensvang statsallmenning har ingen merknadar til plasseringa av bygget.

Ut over det har ikkje Fellesstyret merknadar ut over at søknaden bør handsamast i tråd med retningslinjene i verneforskrifta og forvaltningsplanen.

Vedtaket er gjort med heimel i § 12 i fjellova.

### **FUS 17/17: Eventuelt**

Leiar foreslo at Fellesstyret dekker kostnadane til deltaking på haustmøtet arrangert av Villreinsrådet i Eidfjord 24.-25. november for dei to fjellstyra sine medlemmer. Styret slutta seg til dette.

Eivind Tokheim kom med innspel om at sekretær må halda oversikt over kor mange møtekvart enkelt styremedlem har vore på i løpet av året, og betala ut møtehonorar utan at det på førehand har blitt sendt inn skjema for møtegodtgjersle. Eivind Tokheim tok og opp at det tidlegare år har blitt trekt skatt og arbeidsgjevaravgift av møtegodtgjersle, noko han meiner er feil praksis. Sekretær undersøker dette.

Eivind Tokheim tok opp at det var berre nokre få av medlemmene som hadde fått utbetalt møtehonorar for møta i 2016, samt at det er noko møtehonorar for møte i Ullensvang fjellstyre som feilaktig er betalt ut av Fellesstyret. Eivind lagar difor til ei oversikt over kven som manglar utbetaling og kor mykje som feilaktig er dekkja av Fellesstyret.

Eivind Tokheim orienterte om at det i samband med kommunesamanslåinga har vore snakk om å opprette ei arbeidsgruppe under Fellesnemnda som tek for seg fjellforvaltning i den nye kommunen. I den samanheng har det blitt halde eit møte med Steinar Langesæter og Ragnar Ystanes frå Ullensvang fjellstyre og Eivind Tokheim frå Odda fjellstyre der det blei sett opp ein del punkt som aktuelle tema for ei eventuell arbeidsgruppe. Referat frå dette møtet blei delt ut på møtet.



Innspel om saker til neste møte i Fellesstyret:

- Rypejakt: Fellesstyret må ta stilling til om det skal opnast for jakt, eller om fredinga skal oppretthaldast
- Fredingskorridorane i reinsjakta: Fellesstyret må vurdere ei eventuell vidareføring av fredingskorridorane. sidan vedtaket om oppretting av fredingskorridorane gjaldt til og med jakta 2017.
- Fellesstyret må ta stilling til fordeling av kontorutgiftene til felles sekretær for Ullensvang fjellstyre, Odda fjellstyre og Fellesstyret for Ullensvang statsallmenning mellom dei tre fjellstyra.